

Smittesaneringsprosjektet FRISKERE GEITER



Saneringsnytt nr 5-2005

Det er desember, og snart slutten på det tredje året med Friskere geiter.

Prosjektet starta med 14 buskappar i 2002. 7 av buskapanane var alt sanerte eller kjøpte seg friske dyr, men dei 7 andre gjekk i gang med snapping.

I 2003 vart det med nokre nye, og vi fekk stadfesta at metoden vi brukte var god. Men det var fyrst etter at det vart gitt tilsegn om forlenging av prosjektet at det verkeleg skaut fart i talet på deltakarar. Interesse for prosjektet held fram, og det er no påmeldt 172 produsentar, 68 er ferdig sanerte, berre testing står att hjå dei. 104 er påmeldt for dei nærmaste åra, 48 i 2006. Går alt etter planen neste år, vil ca 115 buskappar få CAE-frie geiter. Då står det rett nok att oppfølging med prøvetaking for å plukke ut dei CAEpositive geitene som treng litt lenger tid på å danne antistoff.

I år har vi testa over 50 buskappar for CAE etter sanering eller oppfølging etter kartlegging, der buskapanen er fri for smittsame sjukdommar. Testane viser så langt at alle buskapanane er fri eller nesten fri for CAE (*9 bruk har 1 eller fleire CAE-positive, sjå tabell*). CAE-positive dyr skal slaktast så snart dei er diagnostiserte.

I år har det kome med mange buskappar som har paratuberkulose eller som ligg i område der det truleg er paratuberkulose. Dette skaper nye utfordringar. Målet er å slutte med vaksinerings, men det krev at vi har gode testar og sikker overvaking for å ta ut muleg smitta dyr. På Veterinærinstituttet har dei til no testa over 2000 dyr frå 43 sanerte buskappar, ved hjelp av gammainterferontesten. Det står att ein del fortolkning og ny testing av ca 60 dyr (2,8%). Endelege resultat kjem vi tilbake til over nyttår, men det er ikkje påvist sterkt positive dyr enno. Så det framleis optimisme når det gjeld bekjemping av paratuberkulose.

Antall bruk	Tal CAE-positive dyr pr bruk i 2005
5	1
3	2
1	15

Testing av sau

Vi har satsa mykje på å teste sau, spesielt i kombinerte buskappar, men også i buskappar som berre har sau og som har beitekontakt med geiter. Ein tendens som vi ser er at det er mykje mindre CAEpositive sauer i reine sauebuskappar enn i kombinerte buskappar. Dette heng for ein stor del saman med at dei reine sauebuskapanane ikkje har brukt geitemjølke til oppforing av lam. Dette er ein gledeleg tendens. Mattilsynet har også mykje data på sau, gjennom overvåkingsprogrammet for mædi, og desse tala har vi stor nytte av å ha fått tilgang til.

Byllesjuketestinga på sau held fram, og vi finn byllesjuka i mange sauebuskappar. Desse må slaktast, på linje med CAEpositive sauer.

Vi har også teke til å teste sau for paratuberkulose med gammainterferontesten. Dette er heilt på begynnarstadiet, så vi kan ikkje trekkje sikre konklusjonar enno, men det er muleg at vi i framtida kan ha god nytte av testen også på sau.

Organisering

Trond Pettersen held fram som koordinator for Nord-Norge. Dette er gledeleg, og viktig for prosjektet og for landsdelen. Han skal jobbe i 10% stilling for prosjektet i tillegg til jobben i Mattilsynet, så han får nok å henge fingrane i. Elles er det ikkje endringar i prosjektleiinga no ved årsskiftet.

Etter nyttår kan Trond treffast hjå Mattilsynet i Harstad på telefon **77 01 21 13**.

Han har også mobiltelefon: **48 00 42 08**

Snapping og oppbevaring av kje

Det er mange som skal snappe kje og oppbevare dei i kasser ei tid etterpå. Atle Drangevåg har spora opp eit firma som leverer slike på pall.

Det er 250 kasser pr pall, kassene er 45 x 28 x 37cm.

Dei kostar 6,69 kr + mva, fritt levert i heile pallar.

Dei kan tingast hjå Odd Egil, Peterson Embalasje i Trondheim Tlf 46407174

Import av geit

Det er no stadig fleire som ynskjer å importere livdyr, særleg frå Sverige og Danmark. Nokre av desse er med i prosjektet, eller dei vurderer å søkje om å bli med i Friskere geiter. Denne importen er prosjektet svært skeptisk til. Dei fleste fagfolk vil ikkje tilrå import av livdyr. Dersom ein vil ta inn nytt genetisk materiale, bør ein velja sæd eller embryo. Ved all import vil prosjektet forlange å bli kontakta i god tid før importen skjer, slik at dei nødvendige tiltaka blir sett i verk for å unngå smitteoverføring til dyr som er på staden frå før. Dei meir detaljerte reglane om kva prosjektet vil krevja, må vi koma tilbake til.

KOORIMP (husdymneringa sitt organ for rådgiving ved import av dyr) er også viktig å forhalde seg til! Dei må kontaktast før importen skjer. Ingrid Melkild, tlf Tlf. 22 09 23 18 / 900 90 381, er den som må kontaktast der.

Internett - Spørsmål og svar

Det er laga ei ny side på internett. Planen er at den skal fyllast med spørsmål og svar om saneringa. Den ligg på denne adressa: <http://leine.no/htg/sanering/logg/spmsvar.htm> Dersom de ikkje finn svar her, så nøl ikkje med å ta kontakt med prosjektleiar eller andre i prosjektgruppa.

Namn på folk de kan spørje ligg på desse to listene:

1. <http://leine.no/htg/sanering/kontakter/vetlist.pdf>
2. <http://leine.no/htg/sanering/kontakter/medarb.pdf>

Prøvetakingsutstyr

Prosjektet har kjøpt inn eit lager med prøvetakingsutstyr, blodprøveglas, kanyler og emballasje. Dette ligg på TINE Ås og veterinærar kan bestille det der, adressa er orghk@tine.no

Det er også inngått avtale med posten om ferdigfrankerte adresselappar. Vi kjem tilbake med nærmare informasjon til veterinærane når alt er på plass. Vi håper at dette kan takast i bruk rett over nyttår.

Plastrister i geitefjøs


Det er stor interesse for å ruste opp geitefjøs rundt om i landet. Då er det mange ulike løysingar som blir vurdert. For mange er det strekkmetall som framleis er fyrstevalget. Det viser seg nemleg at ikkje alle har fått tak i at plastrister no er eit svært godt alternativ dersom ein ynskjer ei form for spaltegolv. Dette er solide golv, dei er ikkje så kalde og harde å liggje på som strekkmetall, og det mjuke materialet fører til at det blir mindre bråk i fjøset. Det er likevel ikkje så svakt at det medfører meir golvslitasje enn strekkmetall, kanskje tvert om.

Det som blir mest nytta heiter **MIK plastrister**, og det blir forhandla av fleire utstysleverandørar. Prisen kan variere, og det løner seg å spørja fleire leverandørar før ein bestemmer seg.

Dette er noko som ein absolutt må sjå på dersom ein planlegg å skifte ut strekkmetall!

Dersom de vil sjå litt meir på dette, kan de slå opp på :

<http://www.mik-online.de>



Endring i påmeldingsskjema

Då vi starta Fase 1, var det berre mjølkeprodusentar som fekk vera med, og då var det ikkje til å misforstå at ein skulle halde fram med same produksjon. Prosjektet er no utvida til alle og difor har vi no funne det nødvendig å gjera ei lita presisering i eigenerklæringsskjemaet. No står det at *"nåværende produksjon skal fortsette i minst 3 år etter at saneringa er gjennomført"*. Formålet med det er fyrst og fremst at ein må få med produsentar som vil satse på geit som produksjonsdyr framover. Vi har berre avgrensa middel å arbeide med, og må etter kvart prioritere svært mykje når det kjem nye påmeldingar.

Dette betyr ikkje noko dersom de alt har sendt inn skjema. De som ikkje har sendt inn skjema, men som vil gjera det, må kaste alle tidlegare påmeldingsskjema og skrive ut nytt frå:

<http://leine.no/htg/sanering/dokument/innmeldigsskjema.pdf>

Avl og semin v/ Ingunn Nævdal

Semingransking og organisering av avlsarbeidet

Siden forrige Saneringsnytt har det vært møte i Fagforum geit og Avlsrådet for geit i NSG. I Fagforum geit deltar lederne i de fylkesvise avlsutvalga for geit i tillegg til representanter fra Helsetjenesten for geit, TINE, Team Semin, NSG Semin og NSG.

Det var store og viktige saker som skulle diskuteres denne gangen. Hva skjer med bukkeringene, Seminringen og organiseringen av avlsarbeidet? Papirer var sendt ut på forhånd og deltakerne skulle dermed stille forberedt. På møtet la den nye avlssjefen i NSG, Thor Blichfeldt, fram et alternativ opplegg til semingransking i Seminringen. Deltakelse i Seminringen forplikter til inseminering av de fleste geitene i besetningen. Med den tilslagsprosenten vi foreløpig har med eierinseminering, kan en risikere dårlig oppslutning om Seminringen. Blichfeldt presenterte derfor en løsere form for semingransking hvor det utbetales tilskudd for påsatte geiter etter inseminering med prøvebukksæd. I dette opplegget er det kun krav om medlemskap i Geitekontrollen og den enkelte bestemmer selv hvor stor andel av flokken som insemineres.

Etter diskusjon i grupper kom det klare tilbakemeldinger fra forsamlingen. Her nevnes noe:

- Avviklingen av bukkeringssystemet må skje gradvis (i forhold til deltakelse i Friskere geiter)
- Det må legges opp til en løsere form for semingransking enn en Seminring
- Avlsarbeidet på geit bør ikke omorganiseres nå. Den organiseringen vi har i dag fungerer bra.

Avlsrådet for geit hadde møte like etter fagforumsmøtet og gjorde vedtak i henhold til de konklusjoner som kom fram i fagforumet.

Det vil komme mer informasjon om opplegget for semingransking framover.

Prøvebukker til semin

Det skal settes inn prøvebukker på den nye seminstasjonen til våren. For å få tak i nok prøvebukker med god avstamming ber vi om at dere tar vare på bukkekje etter eliteparing/inseminering. Under "kje til kåring" på kjeingslista står det merknad på de geitene som, dersom det kommer bukkekje, er aktuelle å stille til kåring. Meld gjerne fra (til Ingunn Nævdal, tlf: 23 08 47 99 / in@nsg.no) om du har kåra bukkekje født i 2005 som kan være aktuelle for semin og/eller bukkekje etter elitedyr som blir født denne sesongen.

Årets seminforsøk

Det er foreløpig kommet inn lite resultater etter seminforsøket. De få rapportene Team Semin har mottatt varierer fra rett under 30 % tilslag til over 80 % tilslag, med et gjennomsnitt på i overkant av 50 %. De endelige resultatene forventes å være klare på nyåret.

Til de av dere som har deltatt i forsøket og ikke sendt inn skjema: Send inn rapportskjemaene til Heiko Paulenz så snart som mulig!

Ingunn Nævdal

Arbeidet i prosjektet

Arbeidet i prosjektet er svært spennende og interessant. Ein møter ivrige folk over alt. Produsentane viser den største interessa, og det har vore utruleg fint å få treffe alle dei positive menneska som jobbar med geit til dagleg. Veterinærane og rådgjevarane gjer ein svært viktig jobb, og det er no over 70 veterinærar som jobbar meir eller mindre for prosjektet. Innanfor TINE er det mange rådgjevarar som jobbar med Friskere geiter, og dei gjer ein uvurderleg god jobb. Vi er heilt avhengige av gode laboratorium. Det er vi så heldige å ha, og vi har også svært god kommunikasjon med dei.

Akkurat no er det produsentar som alt er i gang med neste års sanering, kjeinga er godt i gang. Prosjektet har til no vist seg å vera vellukka, og det er med stor tru på framtidens gode geitehelse at vi ynskjer alle lesarar av Saneringsnytt ei god jul og eit godt nytt år!

Vang, den 14. desember 2005

Nils Leine